

## MERKNADSKJEMA - Offentleg ettersyn

Plannamn:	Detaljreguleringsplan for Kalkarteig bustadområde, gnr 3 bnr 5 m.fl.
Arealplan-ID:	4640-2020003
Arkivsaknr. :	20/5005
Utarbeidd av:	Asplan Viak AS
Sist revidert:	29.4.2021

Nr.	Avsender	Hovudpunkt i merknad/uttale	Framleggsstillar sin kommentar	Endringar		
				Kart	Føresegn	Omtale
1	<u>Private merknadar</u> Bjarte Barsnes og Turid Tveit, gbnr. 3/91, 31.3.2021	I plankart er det regulert grøft (annen veggrunn) for SV3 inn på vår eigedom 3/91. Det er ynskjeleg at formålsgrrensa og reguleringsplangrensa vert samanfallande med eigedomsgrensa mellom eigedom 3/5 og 3/91. Eigedom 3/5 har tilstrekkeleg areal på nedsida av SV3 (mot sjø) slik at all breiddeutviding av veg inkl. grøfter enkelt kan utføres på 3/5.	Merknaden er: – tatt til følgje  Plangrensa er justert til å følgje eigedomsgrense mellom 3/5 og 3/91. Vegareal er flytta tilsvarande på nedsida av veggen inn på 3/5.	x		
	<u>Høyringsinstansar:</u>					
1	NVE, 16.4.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>NVE viser til at tilrådingane i skredrapporten må følgjast opp og kvalitetssikrast gjennom planforslaget, og at evt. utbygging må følgje gjeldande tryggleikskrav i plan- og bygningslova og byggtknisk forskrift TEK17.</li> <li>Det er vidare vist til at nokre av dei eksisterande bustadane sør i planområdet ligg innanfor faresone for flaumskred. Asplan Viak tilrår difor at det vert etablert ei opa løysing for vidareføring av elv gjennom bustadområdet, der elva i dag er lagt i røyr. Dette er tilrådd for å unngå tetting av røyr ved ein større flaumsituasjon, sjå kap. 6 i skredvurderinga. Dette må fagleg kvalitetssikrast og innarbeidast i planforslaget før evt. planvedtak.</li> </ol>	<p>Merknaden er: – tatt til følgje</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Skredrapporten angir eit fareområde for skred. Dette er innarbeidd i plankartet med faresone og tilhøyrande føresegn 9.3. Byggeområde for bustader ligg <i>utanfor</i> fareområdet, og det er vurdert at det ikkje vil vere trong for å heimle sikringstiltak i planen. Planomtalen er oppdatert med eige avsnitt om skredfarevurderinga, pkt. 5.6.</li> <li>Eksisterande bustader ligg <i>utanfor</i> planområdet. Planframlegget fører ikkje til endra situasjon oppstraums og påverkar slik ikkje eksisterande situasjon. Det er då vurdert</li> </ol>			Kap. 5.6

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

		<p>3. Overvasshandsaminga må gjennomførast i samsvar med kommunen sin norm, vi viser elles til NVE sine nettsider om urbanhydrologi.</p> <p>4. NVE viser til at det no er rettleiar nr. 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred som skal leggest til grunn for vurdering av tryggleiken for områdestabilitet ved arealplanlegging og utbygging i område med kvikkleire og andre jordartar med sprøbruddeigenskapar. Vi ber om at gjeldande rettleiar vert lagt til grunn for planforslaget.</p>	<p>at det ikkje er aktuelt å legge inn krav om opa løysing i planframlegget.</p> <p>3. Overvassvurdering er gjort i samsvar med kommunen sin norm.</p> <p>4. Geoteknisk vurdering er oppdatert og viser til ny rettleiar. Ny rettleiar får ikkje innverknad på vurderingane som er gjort.</p>			
2	Statsforvaltaren i Vestland, 24.3.2021	<p>1. Rår sterkt til å avgrensa området som blir sett av som grønstruktur med underføremål friområde, til eit lite areal sørvest i planområdet.</p> <p>2. Vi rår til å setje eintydige krav i føresegnene om at eksisterande tre skal takast vare på som buffer mellom friområde og naturområde.</p> <p>3. Strandarealet (mellom vegen og flomålet) vidare nordaustover, rår vi sterkt til å regulere til eit føremål som først og fremst sikrar naturverdiane i området t.d. LNF med underføremål naturvern eller grønstruktur med underføremål naturområde. Eventuelt kan også arealformålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande stransone» (underformål naturområde) trekkjast inn over land.</p>	<p>Merknaden er: – tatt til følgje</p> <p>1. Grønstruktur Friområde, GF1 er lagt til den avgrensa delen i sør.</p> <p>2. Det er satt krav i føresegna om at eksisterande tre skal takast vare på som buffer.</p> <p>3. Arealformålet <i>naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande stransone</i> (6620) er trekt inn over land.</p>	x	X § 7.1 § 8.1	x
3	Mattilsynet, 26.2.2021	<p>Til informasjon frå Mattilsynet: Uttak av brannvatn må ikkje gå utover kvaliteten eller kvantitet på drikkevatn. Dersom ledningsnett inngår som brannvassdekning må det ikkje gå utover kvalitet og kvantitet på drikkevatn.</p>	<p>Merknaden er: – tatt til orientering.</p> <p>Eksisterande leidningsnett med vassforsyning frå Sogndal vassverk til området Barsnes, har i dag brannvasskummar for uttak av brannvatn. Det er ikkje planlagt tilkoplingar på høgare høgde over havet enn dagens tilkoplingar. Risiko for at det skal bli undertrykk, og soleis forringa kvalitet og kvantitet, for abonnentar på høgare høgde enn eit eventuelt brannvassuttak, er derfor uforandra i høve dagens situasjon.</p>			

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar etter off. ettersyn/avgrensa høyring/oversending for uttale(forenkla prosess)

4	Statens vegvesen, 18.2.2021	<p>1. Me rår til at de regulerer inn sikktrekantar, eller at de som eit minimum syner avkøyrslene i kartet med avkøyrsllepil. Dette bør også sikrast i føresegnene til planen.</p>	<p>Merknaden er: – tatt til følge</p> <p>Sikktrekantar ligg i plankartet som var til off. ettersyn. Det er nå påført frisiktkrav i plankartet også.</p> <p>Det er lagt inn avkøyrsllepilar til alle eigedommar som grensar til regulert veg. Det er gitt føresegn om at plassering av avkøyrsl vert fastsett i byggesak til den enkelte tomt.</p>	x		
2	Saksframlegg	<p>1. Føresegn skal rettast slik at det er samsvar mellom plankart og føresegn.</p> <p>2. Grønkorridor som illustrert i illustrasjonsplan skal takast med som eit rekkefølgekrav.</p> <p>3. Føresegn 1.3 skal rettast til:</p> <p>Tiltak og anlegg innanfor planområdet skal utformast universelt med tanke på best mogleg tilgjenge for alle grupper. Universell utforming skal dokumenterast i detaljplanlegging og søknader om tiltak.</p> <p>Tilkomst mellom BF4 og BF5 til friområde f_GF3 er for bratt for universell utforming.</p> <p>4. Føresegn 5.9 skal rettast til:</p> <p>Felles leikeplass skal utstyrast med minimum fire leikeapparat som gjev moglegheit for allsidig leik for barn i ulike aldersgrupper. Det skal leggast til rette for planting og skjerming, sittemoglegheiter og inngjerding. Minimum halvparten av leikeplassen skal utformast etter prinsippa om universell utforming.</p> <p>5. Plankart skal ha riktig kommunevåpen.</p>	<p>Merknaden er: – tatt til følge</p> <p>1. Plandokumenta er retta i samsvar med «samsvarsdokument» frå kommunen.</p> <p>2. Det er rekkefølgekrav i § 3.1 Før mellombels bruksløyve: Felles leikeplass (f_BLK) med stikopling til GF_2 skal vere ferdig opparbeidd.</p> <p>3. Føresegn 1.3 er justert i samsvar med vedtaket.</p> <p>4. Føresegn 5.9 er justert i samsvar med vedtaket.</p> <p>5. Riktig kommunevåpen er lagt inn.</p>	x	X § 1.3 § 5.9 § 3.1	x

## Endringsskjema

<b>Plankart</b>	<b>Reguleringsføresegn</b>	<b>Planomtale</b>
<p>Her vert alle endringar som er gjort i plankartet etter offentleg ettersyn summert.</p> <p>Med bakgrunn i merknad er følgjande endringar gjort: 1. SV3 og anna veggrunn er justert vekk frå gbnr. 3/91.</p> <p>Med bakgrunn i uttale er følgjande endringar gjort: 2. Frisiktlinjer er vist i plankart 3. Avkøyrsløpilar er vist i plankart 4. Arealformål i sjø er endra og trekt opp på land.</p> <p>På grunn av bearbeiding av frisiktlinje er følgjande endring gjort: 5. Det er lagt anna veggrunn under frisiktlinja langs 3/82 i staden for bustadføresmål slik det låg til off. ettersyn. Dette vil samsvar med faktisk arealbruk.</p>	<p>Her vert alle endringar som er gjort i føresegnene etter offentleg ettersyn summert.</p> <p>Med bakgrunn i saksframlegg er følgjande føresegn endra: § 1.3, § 5.9, § 3.1,</p> <p>Med bakgrunn i uttale er følgjande føresegn endra: § 7.1, § 8.1</p>	<p>Her vert alle endringar som er gjort i planomtalen etter offentleg ettersyn summert.</p> <p>Det er lagt til eige delkapitel 5.6 med oppsummering av skredfarevurderinga.</p>